

Notat

Til: Kultur og ressursutvalet
Fylkesutvalet

Frå: Rådmannen

Referanse
2014/11775-1

Dato
12.02.2014

Ny brosjyre om Vestkystparken

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om meir enn 300 friluftsområder langs kysten i Rogaland og Hordaland – frå Egersund i sør til grensa mot Sogn og Fjordane i nord. Vestkystparken vart oppretta i 1997 og har over 70.000 registrerte fritidsbåtar og kanskje nesten like mange kajakkar og kanoar. Visjonen er: *Levande kystr natur i vest: Sjø og fjell – bli med då vel!*

Vestkystparken har som oppgåve å samarbeide om ei regionalt tilpassa, effektiv og berekraftig forvaltning av viktige friluftslivsområde med fokus på kvalitetshaving, gode heilskaplege finansieringsordningar og felles informasjonstiltak. Natur- og kulturverdiar og biologisk mangfald skal takast vare på og det skal takast omsyn til naturgjeve næringsgrunnlag og estetiske verdiar. Områda er ein viktig ressurs for å betre folkehelsa i landsdelen og universell utforming skal vere målet der naturgrunnlaget gir rom for dette. Vestkystparken skal bygge nettverk med skjergardstenesta og andre relevante skjergardsaktørar. Vestkystparken skal skape større forståing mellom brukarane for friluftslivet sine verdiar for helse, natur og kultur og trivnad i bruken av områda langs vestlandskysten.

Vestkystparken sitt finansieringsgrunnlag er tilskot frå staten v/Miljødirektoratet og fylkeskommunane. Friluftsråda bidreg med midlar gjennom kontingennt frå medlemskommunar. Det er eit mål at staten minst bidreg med eit like stort beløp som dei lokale/regionale partane.

Partnarskapet i Vestkystparken er forankra i ein samarbeidsavtale mellom:

1. Bergen og Omland Friluftsråd
2. Dalane Friluftsråd
3. Friluftsrådet Vest
4. Jæren Friluftsråd
5. Ryfylke Friluftsråd
6. Fylkesmannen i Hordaland
7. Fylkesmannen i Rogaland
8. Hordaland fylkeskommune
9. Rogaland fylkeskommune

I perioden 2010-2013 har Hordaland fylkeskommune ved Anne-Beth Njærheim leia arbeidet, og seksjon idrett og friluftsliv har vore sekretariat for Vestkystparken. Samarbeidsavtalen (revidert i 2013) og handlingsprogrammet 2011-2015 er styrande for partnerskapet. Ei ny brosjyre/kart på norsk og engelsk vart ferdigstilt i desember, samstundes med at Rogaland overtok rolla som leiar og sekretariat for dei komande fire åra.

Brosjyren om Vestkystparken vert delt ut på møta.